

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 23.09.04 **Tid:** 17.00-20.15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 20 , inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Helge Reistad
Liv Berit Khadoor

I staden møtte:

Nils Arne Teige

Andre som var tilstade på møtet: Kommunekasserar, Adm.sjef og ass.adm.sjef
Avd. ing. John Inge Sandvik møtte i sak 28/04.

Merknader:

Ivar Berland var ugild i sak 29/04, og Ruben Dyrhoveden møtte for han.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 27. september 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart samrøystes godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit stilte følgjande spørsmål;

- ✓ Status for ambulansetenesta.
- ✓ Utdeling av Kulturprisen og rutinar for dette.

Ordføraren orienterte om status for ambulansetenesta. Kommunelege I Dyrseth har som fagsjef fått i oppdrag å skaffa fram informasjon om situasjonen i Samnanger, samt å få til eit møte med Helse Bergen for å få starta evalueringsprosessen. Det har vore problem m.a. i varsling, der ambulansen ikkje har vorte varsla av AMK på Haukeland.

Ordføraren orienterte om dei etablerte rutineane for tildeling og utdeling av kulturprisen og om kva som hadde skjedd i inneverande år.

Øyvind Røen stilte spørsmål om dei tilsette sin bruk av målbruksplanen til Samnanger kommune. Røen var kritisk til den skriftlege framstillinga sett i lys m.a. av vedteken plan.

Adm.sjefen var samd i at det nok ofte går ut dokument som klart burde hatt eit betre språk. Ein vesentleg grunn til det er stort arbeidspress og knappe tidsfristar. Dersom ein skal betra både skrivefeil og språket, må me nok ha meir tid til å lesa korrektur.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Adm.sjefen orienterte om budsjettkontroll pr. medio sept. 2004, jmf. skriv utdelt i møtet.

Adm.sjefen orienterte om landbrukssamarbeidet mellom Os og Fusa. Dersom det ikkje er politisk motvilje, ver t det samstundes med at ordninga vert evaluert og sett nærare på eit evt. utvida samarbeid med Tysnes og Kvam.

Adm.sjefen orienterte om ambulanseplan for Voss lokalsjukehus. I fylgje framlegget vil ambulansen i Eikelandsosen verta trekt inn for å dekkja delar av Kvam, Strandebarmområdet i gitte situasjonar. Kommunane Fusa og Samnanger er ikkje høyringspart, men vil likevel senda ein felles merknad der det vert peika på dei negative konsekvensane det vil ha for innbyggjarane våre.

Ordføraren orienterte om skriv frå BIR om å besøka medlemskommunane.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0026/04	03/00020 OMORGANISERING AV KOMMUNAL REVISJON. OPPSEING AV REVISJONSAVTALE - VEGEN VIDARE
0027/04	04/00285 NOU 2004:12 BETRE SKATTEOPPKREVJING.
0028/04	04/00304 KJØP AV TRAKTOR
0029/04	02/00517 SAKSFRAMLEGG - REGULERINGSPLAN FOR TYSSE

0026/04

**OMORGANISERING AV KOMMUNAL REVISJON.
OPPSEING AV REVISJONSAVTALE - VEGEN VIDARE**

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune seier opp avtalen om revisjon med Midthordland revisjonsdistrikt.

Handsaming i møte:

Odd Lønnebakken bad om gruppemøte.

Ap V/Bright Olav Gåsdal sette fram følgjande tilleggsframlegg:” Kommunestyret er positiv til at det vert arbeidd med å skipa eit nytt revisjonsselskap. Kommunen vil vurdere å nytta tenestene frå eit slikt selskap når ein veit kva pris og kvalitet selskapet kan yta.”

Det vart først røysta over framlegget frå PØ, som vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta over tilleggsframlegget til Gåsdal, som vart samrøytes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune seier opp avtalen om revisjon med Midthordland revisjonsdistrikt.

Kommunestyret er positiv til at det vert arbeidd med å skipa eit nytt revisjonsselskap.

Kommunen vil vurdere å nytta tenestene frå eit slikt selskap når ein veit kva pris og kvalitet selskapet kan yta.

0027/04

NOU 2004:12 BETRE SKATTEOPPKREVJING.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune tilrår at skatteoppgåvene som framgår i NOU 2004:12 framleis skal vere utført av kommunane. Kommunestyret kan ikkje sjå at ei statleggjering av oppgåvene vil gje meir kostnadseffektive løysingar og betre resultat enn det kommunane oppnår i dag.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune tilrår at skatteoppgåvene som framgår i NOU 2004:12 framleis skal vere utført av kommunane. Kommunestyret kan ikkje sjå at ei statleggjering av oppgåvene vil gje meir kostnadseffektive løysingar og betre resultat enn det kommunane oppnår i dag.

0028/04

KJØP AV TRAKTOR**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune går til innkjøp av ny traktor . Med bakgrunn i kostnadstala slik dei kjem fram i saka, låner kommunen kr. 553.000,- til å finansiere kjøpet.

Handsaming i møte:

Sp v/Øyvind Røen sette fram følgjande utsettingsframlegg:” Saka om kjøp av ny traktor til Samnanger kommune vert utsett til kommunestyremøtet i desember. Då kan denne saka vurderast i samanheng med budsjettet for 2005. Til dette møtet må administrasjonen leggja fram ei grundigare utgreiing om alternative løysingar for vintervedlikehaldet på kommunale vegar i Samnanger.”

Krf v/Sigmund Dyrhovden bad om gruppemøte.

Det vart røysta over utsettingsframlegget, der 13 røysta for utsettingsframlegget og 7 røysta imot.

Vedtak:

Saka om kjøp av ny traktor til Samnanger kommune vert utsett til kommunestyremøtet i desember. Då kan denne saka vurderast i samanheng med budsjettet for 2005. Til dette møtet må administrasjonen leggja fram ei grundigare utgreiing om alternative løysingar for vintervedlikehaldet på kommunale vegar i Samnanger.

0029/04

SAKSFRAMLEGG - REGULERINGSPLAN FOR TYSSE**Framlegg til vedtak::**

I område N2 skal det vera høve til å ha ein kombinert bruk naust/utleigerom.

I N1 skal det opnast opp for kombinert bruk av eit naust naust/bustad. Det skal leggjast restriksjonar på utsjånad på naustet mot sjøsida. Elles vert N1 slik planen viser.

FR 4 vert oppretthalden slik det er vist på planen, men det må visast/sikrast tilkomst frå riksvegen ned mot sjøsida.

S1 slamavskiljar skal plasserast i Fe3 evt. sør for Fe3.

B2 skal utvidast til elva.

Etter at desse endringane er teke inn på plankartet skal han leggjast fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.

Handsaming i møte:

Ivar Berland bad om verta vurdert som ugild, og gjekk ifrå. Han vart samrøystes funnen utgild. Ruben Dyrhovden gjekk inn i staden for Berland.

Brigt Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg: "FR4 vert teke ut av planen. Området på vestsida av Granaelva vert lagt til tilgrensande jordbruksområde, medan området på austsida av Granaelva vert lagt til B1. Elles som tilrådinga frå naturutvalet."

Idar Reistad sette fram følgjande framlegg: "FR4 vert redusert i breidda på austsida av elveosen i Smådalselva. Breidda skal vere omlag som breidda på friområdet vest for elva. Tilkomst til friområdet må framleis sikrast frå offentleg veg."

Det vart røysta punktvis over følgjande framlegg:

1. N2 høve til kombinert bruk naust/utleigerom, som vart samrøystes vedteke.
2. N1 opna opp for kombinert bruk av eit naust /bustad, som vart samrøystes vedteke.
3. FR4 oppretthalde jfr. Planen med sikra tilkomst frå riksvegen ned mot sjøsida. Det vart røysta punktvis over følgjande framlegg:
 - a) framlegget frå naturutvalet fekk ingen røyster og ikkje vedteke.
 - b) framlegget frå Brigt Olav Gåsdal fekk 7 røyster og 13 røysta imot, og ikkje vedteke.
 - c) framlegget frå Idar Reistad røysta 13 for og 7 imot, og vedteke.
4. S1 slamavskiljar skal plasserast i Fe3 evt. sør for Fe3 vart samrøystes vedteke.
5. B2 skal utvidast til elva vart samrøystes vedteke.

Kommunestyret vedteke reguleringsplan for ytre Tysse slik den ligg føre med dei vedtekne endringane.

Vedtak:

I område N2 skal det vera høve til å ha ein kombinert bruk naust/utleigerom.

I N1 skal det opnast opp for kombinert bruk av eit naust/bustad. Det skal leggjast restriksjonar på utsjånad på naustet mot sjøsida. Elles vert N1 slik planen viser.

FR4 vert redusert i breidda på austsida av elveosen i Smådalselva. Breidda skal vere omlag som breidda på friområdet vest for elva. Tilkomst til friområdet må framleis sikrast frå offentleg veg.

S1 slamavskiljar skal plasserast i Fe3 evt. sør for Fe3.

B2 skal utvidast til elva.